

# Blokktrykk på ullstoff for barn

## + trykking på litt andre stoff

Metode og erfaringar frå ulike utprøving av blokktrykk med barn.

*Erfaringane våre tilseier at ein må **styre prosessen** og ikkje gje ungene **for mange val**.*

*Det er lurt å starte med ei oppgåve, ein type stoff, ei farge og ei eller to trykkblokker.*

*Maks 10 ungar for ein erfaren instruktør. Tilgang til å hente og slå ut vatn.*

### Trykkblokkene:

Desse må ikkje vere for store og tunge, - dei må passe godt i ei barnehand.

Ungane må ikkje ha for mange trykkblokker å velje i.

I staden må dei lære seg til å snu og vende trykkblokkene og repetere trykkinga.

Ein kan og lage eigne trykkblokker.

Då kan det vere lurt å lage enkle mønster i isoporbitar og lime desse til pleksiplate som er skåre opp i passande storleik. Ved å bruke pleksiplate kan ein lettare sjå kor ein skal plassere trykkblokka.

Ein kan også trykke med andre ting som td. enden av ein blyant, Q-tips, trebitar i ulike former og andre ting.

### Underlaget:

Det er alltid lurt å beskytte borda ved å bruke plast. Deretter må ein ha eit **glatt**, mjukt underlag (t.d. gamle laken eller dynetrekk) som kan «svikte litt» under trykkinga. Viktig at underlaget er glatt. Til dømes vil eit krepp dynetrekk som underlaget, visast igjen i trykket, og trykket vert ujamt.

### Stoff:

I tradisjonen i midt Noreg, er det heimevevd ullstoff som er brukt. Den dominerande farga er raudt og litt grønt, men det finnes også produkt i andre fargar.

Ullstoff kan ein kjøpe frå Skaar tekstil ([www.tekstil.no](http://www.tekstil.no)) som sender over heile landet. Ein kan og få tak i ullstoff hos andre fabrikkar eller ein kan trykke på gamle pledd og andre gamle ullstoff.

Dessutan kan ein trykke på andre stoff som bomull, andre ulike stoffkvalitetar, på papir eller det ein måtte ha for hand. Her må ein prøve seg fram sjølv.

Ferdige produkt kan ein og trykke på, som t.d. handkle, store og små brikker, nett, mm.

Dersom desse produkta har eit mønster, bør denne trykkinga kome i andre omgang etter at ungene har øvd seg på einsfarga stoff.

Lyse stoff eignar seg best. Er stoffa for mørke, vil kanskje ikkje sjølve trykket visast godt nok.

## Trykkfarge:

Ein kan bruke mange ulike typar trykkfarge, og dei ser ut for å fungere ganske likt (ikkje reaktive fargar). På grunn av enkle tilgang, har vi valgt å bruke Panduro sine trykkfargar.

I tradisjonen i midt Norge er det svart trykkfarge som er brukt.

Ein kan gjerne bruke litt farger for å kvikke opp eit trykk. Men det er ikkje lurt at ein drar fram alle fargene i fyrste omgang. Då vert det fort at ungane vert for oppteken med å velje fargar og ikkje klarer å styre prosessen. Eit råd er at fargane skal kome som «det litt ekstra.»

Allergi: Vi kjenner ikkje til at nokon har fått allergiske reaksjonar ved å bruke trykkfargane. Viss ein er i tvil, kan ein bruke tynne plasthanskar.

## Oppgåve, komposisjon, øving:

For eit vellukka resultat, er det alltid lurt å starte med ei fast oppgåve.

Det gjer det og lettare for deg som instruktør.

Oppgåvene kan *til dømes* vere:

\* Å fylle ei flate innanfor ei ramme med ei eller to trykkblokker

\* 3 eller 5 mønster på rad med ei eller to trykkblokker

\* Å snu og vende på trykkblokkene

\* Å lage eit hjørne

..... og andre avgrensa oppgåver

For å lage ein god komposisjon kan det vere lurt å først trykke på papir, for deretter å klippe ut mønstera. Så setter ein saman papirbitane til ulike mønster ved å snu og vende på dei.

Slik kan ein få «eit bilete» om korleis resultatet av trykkinga kan bli.

Vaksne vil gjerne plassere trykket heilt beint på stoffet, trådbeint. Då er det smart å bruke målband og knappenåler og/eller maskeringsteip.

Dersom du skal trykke med ei lita trykkblokk mange gonger, kan det vere lurt å lage seg ei «stempelpute». Bruk t.d. eit plastikklokk, - legg litt fargestoff på lokket og legg deretter ein tynn bit skumgummi over fargestoffet, og du har fått deg ei stempelpute.

## Ting å lage:

- ❖ Sitteunderlag av ullstoff, ev. med voksduk
- ❖ Nålepute med knappenåler med kulørt hode
- ❖ Poser i ulike storleikar og utformingar, med og utan glidelås, løpegang med snor, klaff, mm
- ❖ Poser til klinkekuler, «trusepose» - til å ta med på tur
- ❖ Penalhus
- ❖ Nett og vesker, - kan og vere sydd saman av fleire lappar
- ❖ Bilde med stofftrykk
- ❖ Armeband- vennskapsbånd, nåler og smykke
- ❖ Enkle vottar, grillvott / peisvott
- ❖ Julepynt og anna pynt:
  - fylte hjarte, ruter (små) og andre former til juletrepynt
- ❖ mm

## **Dette treng du, tips:**

Plast til å dekke borda  
Mjukt, glatt stoff til underlag  
Tørkepapir  
Ein gamal handduk  
Stoff og anna til å trykke på, ulike kvalitetar  
Panduro trykkfarge  
Papptallerken  
Skumgummirulle  
Søppelsekk  
Tannkostar for å vaske trykkblokkene  
Strykejern og strykebrett, til fiksering  
Vanlig A4 papir  
Stoffsaks  
Papirsaks  
Snorer, kan ev. lage egne snorer  
Glidelås  
Forkle  
Knappe nåler  
Målband  
Ulike modellar